



Arkivnr: 2017/15373-10

Saksbehandlar: Annbjørg Laupsa

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		04.09.2018
Fylkesutvalet		19.09.2018

Framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar**Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkesutvalet 04.05.17, PS-95/17 *Kyrre skole – leige av lokale*:

1. «Det skal settes i gang et arbeid med å utrede fremtidig opplæringstilbod som er tilpasset målgruppen ved avdeling Kyrre og som ivaretar deres behov. Dette skal ha prioritet og legges frem til politisk behandling senest høst 2018.
2. Fylkesrådmannen blir bedt om å komme tilbake med forslag til ny løsning som i større grad ivaretar elevene ved avdeling Kyrre sine behov.»

Fylkesrådmannen har lagt fram løypemeldingar om arbeidet, jf. RS-39/17, møte OPHE 17.10.17 og RS-26/18, møte OPHE 15.05.18. I løypemeldinga frå oktober 2017 vart bestillinga til gruppa presisert slik:

«Målet for prosessen er ei utgreiing av framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar. I tillegg vil fylkesrådmannen kome med forslag til løysing som i større grad tar i vare nemnde elevgruppe.»

Dan Femoen (H) vart i Fylkesutvalet 01.02.18 oppnemnt som saksordførar (PS-25/18).

På bakgrunn av vedtaket i Fylkesutvalet vart det sett ned ei arbeidsgruppe, i tillegg til ei ressursgruppe. Arbeidsgruppa har utarbeidd ein rapport for å synleggjere status for elevar med behov for særskild tilrettelegging og tilbod til elevar i ordinært løp i Hordaland fylkeskommune.

I tillegg viser rapporten til kva for lovgrunnlag, rettar og plikter som ligg til grunn til kva for tilbod som blir gitt, kva for tiltak fylkeskommunen gir til elevar med særskilt behov for tilrettelegging og tiltak av førebyggjande og universell art. Hovudinnsatsen skal skje i det daglege virke ute på kvar skule med livsmeistring som inngår i skulen sitt samfunnsoppdrag.

Rapporten viser òg til eit meldt behov for kompetanseheving om psykisk helse blant elevar. Innspel til rapporten er henta frå ulike hald, både interne og eksterne. Uttalar er henta inn frå rektorane, info-drøftingsmøte og leiarmøte på opplæringsavdelinga.

Fylkesrådmannen vil kome attende med ei eiga sak om lokale for avdeling Kyrre.

Økonomi: Endringar i omfang og organisering av tilbodet til elevar med omfattande psykiske vanskar kan ha økonomiske konsekvensar. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette ved oppfølginga av vedtaka i denne saka.

Klima: Ingen kjende konsekvensar.

Folkehelse: Vedtak i saka vil kunne få konsekvensar for den enkelte elev, jf. t.d. krav i folkehelselova §1 Formål og opplæringslova § 9 A-2 Retten til eit trygt og godt læringsmiljø.

Regional planstrategi: Relevant i høve til regional planstrategi, der eit av hovudmåla er eit inkluderande samfunn med strategi om å arbeide for betre trivsel og kvalitet i grunnskulen og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som arbeidsgruppa har gitt i rapporten «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar», slik det går fram av saka her.
2. Retningsliner vert utarbeidde for å sikre at rettane til elevar med omfattande psykiske vanskar vert ivaretakne m.a. ved at tilbodet vert gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå OT/PPT der lov og forskrift krev det.
3. Den lokale inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak for elevar med omfattande psykiske vanskar skjer sentralt, med unnatak av elevar som får opplæring etter oppl.lova § 13-3 a.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkessdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.08.2018

Ulike rapportar viser tydeleg at talet på elevar med psykiske utfordringar er aukande. Forsking viser ei forverring av ungdom si psykiske helse dei seinare åra (A.Bakken m.fl, Nova, 4/2016 og Ungdata). Dette temaet har fått mykje merksemd frå politikarar, fagfolk og media. Det er tydeleg samanheng mellom psykisk helse og læring, og psykiske vanskar er årsak til mykje av fråfallet i vidaregåande opplæring (NIFU, 9/2014).

Ungdommene sine aukande plager kan ikkje berre behandlast bort, men ein må i mykje større grad tenkje førebyggande og helsefremjande tiltak for å hanskast med dei aukande utfordringane (Skogen JC m.fl *Barn og unges psykiske helse: Forebyggende og helsefremmende folkehelsetiltak. En kunnskapsoversikt*, Folkehelseinstituttet. Rapport 2018).

Med bakgrunn både i presiseringar i løypemeldingar og i forsking har arbeidet med saka endra seg frå berre å gjelde arbeid med å greie ut framtidig opplæringstilbod tilpassa målgruppa ved avdeling Kyrre (FU PS-95/17) til også å gjelde utgreiing av framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar meir allment (Notat OPHE 21.09.17). Saka må sjåast i nær samanheng med rapport frå arbeidsgruppa, med same overskrift. Rapporten har fokus på både førebyggande og universelle tiltak, og tiltak for elevar med særskilde behov. Den sistnemnde kategorien har fått størst merksemd i den politiske saka, då dette på ulike måtar er krevjande. I prosess inn mot ny fylkeskommune er opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar eit område begge partar må einast om.

Fylkesrådmannen ser arbeidet med ulike tiltak/tilbod til ungdommene i samanheng. Særleg gjeld dette tiltak for å nå/hjelpe såkalla «ukjent ungdom» i oppfølgingstenesta (OT), ungdom på Hyssingen produksjonsskule og elevane psykologteamet arbeider med.

Lovgrunnlag

Lover, forskrifter og sentrale styringsdokument må vere fundamentet for tilrådingar om framtidige opplæringstilbod. Rapporten presenterer kva for rettar og plikter som gir føringer i spekteret frå det universelle til det særskilde, men med ivaretaking av den enkelte elev.

Hordaland fylkeskommune sitt eksisterande tilbod til elevar med psykiske vanskar

Fylkeskommunen har tre avdelingar med særskild tilrettelegging for elevar med psykiske vanskar;

- Bergen katedralskole, avd. Kyrre
- Nordahl Grieg vgs., avd. Sykehusundervisningen
- Kvinnherad vgs., avd. Valekrossen

Avdelingane blir presenterte i rapporten.

Tiltak i ordinær opplæring

Lov og forskrift set krav om eit psykososialt skolemiljø som fremjar læring for den enkelte elev. Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ligg og til grunn for arbeidet på skulane.

Fylkeskommunen har i dag mange tiltak med mål om å styrkje skolemiljøet og for å fremje god trivsel og helse for kvar elev t.d.:

- Skulehelsetenesta
- Skolemiljøkonferanse (årleg)
- Mobbe- og lærlingombod
- Prosjektet psykolog i skule
- Gratis skulefrukost
- Prosjektet Drømmeskolen og Nærvarsteam
- VIP - opplæring
- Tett samarbeid mellom NAV, OT og skule
- Studiesenter, nettundervisning og forsøk med AV-1 (robotteknologi)

FRAMTIDIGE OPPLÆRINGSTILBOD TIL ELEVAR MED PSYKISKE VANSKAR

Fylkesrådmannen vurderer dei eksisterande tilboda til elevar med psykiske vanskar som gode, og vil arbeide for å vidareutvikle desse i tråd med forsking, utvikling i regionreforma og nasjonale føringer.

Kompetanseutvikling

Både forsking og eit uttalt behov frå HFK-rektorane og lærarorganisasjonane understrekar behovet for kompetanseheving innan området psykisk helse i skulen. Lærarar melder om auka stress i krysspresset mellom ansvar og manglende kompetanse for å kunne stå i situasjonar med elevar som slet psykisk. Det blir vist til prosjektet Tankekraft, eit samarbeid mellom Folkehelseinstituttet og Østfold fylkeskommune.

Tilråding frå arbeidsgruppa

Tiltak som førebygging og universell tilnærming

- UngData 2017 viser at 26 % av Vg3-elevane i Hordaland, på bakgrunn av ulike spørsmål, har eit høgt depressivt stemningsleie. Dette er elevar som går i ordinære løp i skulen, og difor er innsatsen på dei universelle og førebyggjande tiltaka avgjerande for å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Hovudinnsatsen skal skje i det daglege virke ute på kvar skule med livsmeistring som inngår i skulen sitt samfunnsoppdrag.
- Forsking viser at lærarane har behov for kompetanseheving om psykisk helse. Det er signal som både rektorane og info- drøftingsmøte understreka. Frå regjeringa si side er det ytra eit ønskje om at alle skular frå 2020 skal styrke kompetansen om psykisk helse gjennom eit eige program (Tankekraft - Østfoldmodellen). Programmet gjeld både for tilsette og elevar. Kompetanseheving på temaet må forplikte både skuleeigar og skulane, Østfoldmodellen er eitt tiltak som bør vurderast.

Tiltak som tidleg innsats, ekstra opplæring, oppfølging og støtte

- Elevtenesta styrkast på alle skulane, som universelt førebyggjande tiltak, gjennom tverrfaglege team som er tett på elevane, og samarbeid med støttesystem og kompetanseressursar. Arbeidet må vere godt forankra i skuleleiinga.
- Tilrettelegging gjennom betre rammer for fleksibel og differensiert organisering t.d. studiesentermodell, intensive og tilpassa kurs i periodar, nettundervisning og bruk av ny teknologi, bør utviklast vidare.

Tiltak for ekstra tilrettelegging, varig og intensiv innsats for elevgruppa som har behov - jf. opplæringslova med forskrift

- Retningslinjer vert utarbeidde for å sikre at rettane til elevane i denne målgruppa vert ivaretakne m.a. ved at tilboden vert gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå OT/PPT der lov og forskrift krev det.
- Inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak også for denne målgruppa skjer sentralt, med unnatak av elevar som får opplæring etter oppl.lova § 13-3 a. Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring og vidaregående opplæring i helseinstitusjonar
- Framtidig tilbod bør utviklast vidare slik at
 - elevane i målgruppa får tilbod innanfor alle programfag
 - elevane i større grad får tilbod nærmere eigen bustad – tilbod for grupper ved fleire skular

- tilboda er sterkare knytt til dei vidaregåande skulane i HFK
 - der ein styrkar kompetanse og rammer for tilrettelegging og inkludering
 - der enkelte skular vert utvikla som «baseskular»
 - der det vert organisert eit forpliktande samarbeid/nettverk mellom avdelingar/skulane som har spesielt tilrettelagde tilbod, og mellom skulane og skuleigar. Samarbeidet skal sikre gode og fleksible tilbod for elevane etter lov og forskrift.